



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

FITJAR KOMMUNE
Postboks 83
5418 FITJAR

Vår dato: 15.09.2023

Vår ref.: 202310797-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 2022/1295 - 6426/2023

Sakshandsamar: Toralf Otnes,
22959527, toot@nve.no

NVE si fråsegn - Høyring av planprogram - Rullering av kommuneplanen sin arealdel - Fitjar kommune

Vi viser til brev datert 05.07.2023. Saka gjeld høyring av planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel for Fitjar kommune. Vi seier oss leie for at vi ikkje har greidd å gi fråsegn innanfor fristen.

Det går ikkje fram av brevet dykkar om de melder oppstart av planarbeidet no, eller om det blir sendt eit formelt oppstartvarsel av arbeidet med ny arealdel seinare. Vi vel å gi dykk våre råd og innspel til planarbeidet no.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sine innspel

Kartlegg areal som er utsett for potensiell naturfare

Utgreiing av flaum-, erosjon- og skredfare på kommuneplannivå har som mål å avklare om det er areal med potensiell fare i område der det kan vere aktuelt med utbygging. De må difor vurdere om det kan vere naturfare også i dei eksisterande byggeområda i gjeldande plan. Dette fordi tryggleikskrava i Byggteknisk forskrift (TEK17) kap. 7 gjeld all utbygging i kommunen, uavhengig av reguleringsstatus, arealføremål i plan, om det er nye utbyggingsområde eller fortetting. Det bør gå fram av planprogrammet at de skal kartlegge naturfare minst på aktsemdnivå på alle areal der planen opnar for utbygging.



Marker areal utsett for fare med omsynssoner i plankartet, og styr utbygging til trygge område

Omsynssoner er eit svært godt verkemiddel for å synleggjere ulike omsyn som de skal ta i vidare planlegging og sakshandsaming. Omsynssonene, og føresegner/retningsliner knytt til dei, kan gå på tvers av arealbruksføremål, på tvers av eksisterande og framtidig bruk, og på tvers av regulerte og ikkje regulerte areal. Omsynssone Fareområde (§ 11-8a/(H310, H320)) gjev dykk heimel til å gi føresegner knytt til sona som de ikkje har heimel til å gi til det einskilde arealbruksføremål på kommuneplannivå. NVE rår difor til at de innarbeider alle aktsemdområde for naturfare i plankartet som omsynssoner. Særleg legg vi vekt på at de gjer dette i eksisterande og framtidige byggeområde. Til omsynssonene må de knyte føresegner med anten byggeforbod, krav om reguleringsplan, og krav om nærare kartlegging av faren i alle plan- og byggesaker. Vårt generelle råd er å styre ny utbygging til trygge område.

I planprogrammet kan de ta inn at areal som er eller kan vere utsett for naturfare skal markerast i plankartet som omsynssone Fareområde (H3XX). Kunnskap om potensiell eller reell naturfare kan nyttast som eit silingskriterium for innspel. NVE vil rå dykk til å utarbeide slike silingskriterium.

NVE retningsline 2/2011 [«Flaum- og skredfare i arealplanar»](#) gjev nærare oversikt over korleis flaum, erosjon og skred kan utgjere ein fare, og korleis desse bør utgreiast og innarbeidast i kommuneplanens arealdel.

Nytt best mogeleg kunnskap om naturfare i planlegginga

Det er viktig at de nyttar best mogeleg kunnskap om naturfare i planlegginga. Der det er kartlagt faresoner for skred, er utarbeidd flaumsonekart i kommunen, eller der kommunen har annan konkret kunnskap om fare som kan etterprøvast, så kan denne kunnskapen nyttast i staden for dei landsdekkande aktsemdkarta i dei aktuelle områda.

Generelt om handtering av naturfare i planar

Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå. Klårast går dette fram i [KMD rundskriv H-5/18 «Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#) side 12 der det heiter: «Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS-analyse i lovens §4-3 vil da ikke være oppfylt.» Det betyr at dersom arealdelen opnar for utbygging utan å gå vegen om reguleringsplan, så må reell fare avklarast i samband med arbeidet med arealdelen. Vi rår dykk til å ta inn i planprogrammet at planen skal utarbeidast i samsvar med prinsippet om at reell naturfare skal skje på siste plannivå.

Bruk NVE sin kartbaserte rettleiar for kommuneplanens arealdel

NVE har utarbeidd ein kartbasert rettleiar for kommuneplanens arealdel. Rettleiaren finn de på vår [nettside om kommuneplan](#). Den leier dykk gjennom NVE sine saksområde og gir ei innføring i korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser knytt til desse saksområda kan ivaretakast i kommuneplanens arealdel og i kommunedelplanar. Vi



oppmodar dykk om å nytte rettleiaren i planarbeidet dykkar.

Korleis kartlegge potensiell naturfare?

Skredfare i bratt terreng

I NVE sine kartløyningar er det tre landsdekkande aktsemdkart for skred i bratt terreng (område med potensiell naturfare). Dette er aktsemdkart for jord- og flaumskred, snøskred 2023, og steinsprang. NVE rår dykk til å bruke desse aktsemdkarta til å markere ei omsynssone H310 Ras- og skredfare i kommuneplankartet. For å unngå fleire omsynssoner oppå ein annan kan de slå saman dei tre aktsemdkarta jord- og flaumskred, snøskred S3 2023, og steinsprang til ei flate. Til omsynssona kan de gi føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad. I ROS analysen for arealbruksendringar, kan de i tillegg til å bruke aktsemdkarta nemnd over, gå gjennom steg 11 i [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Då kan de fange opp potensielt skredfarleg terreng som aktsemdkarta ikkje fangar opp.

Dei nye aktsemdkarta for snøskred vart gjeldande frå 22.06.2023. Frå same dato går aktsemdkart for snøskred 2010 ut.

Om nye aktsemdkart for snøskred

Nye aktsemdkart for snøskred gjeld for tryggleiksklassane S1, S2 S3. Dei ligg føre for bruk i fleire steg:

- NVE Aktsemdkart snøskred S3 2023
- NVE Aktsemdkart snøskred S2 2023
 - Akt. Snøskred S2 2023 utan skogeffekt
 - Akt. Snøskred S2 2023 med skogeffekt

I modellkøyringa er klimastatistikk lagt til grunn. NVE rår dykk altså til å bruke NVE Aktsemdkart snøskred S3 2023 i kommuneplanens arealdel saman med aktsemdkart for steinsprang, og aktsemdkart for jord- og flaumskred. Dei nye aktsemdkarta for snøskred har ei ny og betre modellering, tek omsyn til lokalt klima og skog, og er landsdekkande. Oppfølging av ei omsynssone som skildra her kan bli litt meir komplisert å følgje opp enn før. Fordelen er at samla sett blir det behov for færre fagkyndige utgreiingar for å dokumentere tilstrekkeleg tryggleik. Vi vil rår dykk til å ta kontakt for eit møte der vi kan gå gjennom korleis dette i detalj kan løysast.

For meir informasjon om snøskredkartet kan de sjå opptak av [webinaret](#) frå 27.06.2023 der NVE presenterte dei nye aktsemdkarta og bruken av dei.

Flaumfare og erosjon

Dersom de syter for å halde ny utbygging i god avstand frå vassdrag, så er det det beste generelle rådet for å sikre at utbygginga ikkje vert plassert flaum- og erosjonsutsett. Ei byggegrensing på minst 20 m frå bekker med mindre oppstraums nedslagsfelt enn 20 km², og 50 – 100 m frå elver vil i dei aller fleste tilfelle vere tilstrekkeleg. Med unnatak av område der bekker har skore seg djupt ned i lausmassar, dvs. i ravinert terreng, vil 20 m avstand frå



topp elveskråning ofte vere tilstrekkeleg i høve til erosjonsfare langs bekker. Areal nærare vassdrag enn dette er å sjå på som aktsemdområde dersom ein ikkje gjer nærare vurderingar av flaum- og erosjonsfaren.

Rettleiaren [«Flaumfare i bekker»](#) gir råd om korleis de kan identifisere og kartlegge flaumutsette område langs bekker. Dersom de på ein enkel måte skal gjere konkrete vurderingar av maksimal vasstandsstiging i utbyggingsområde langs vassdrag kan de nytte formelen i pkt.1 s. 13 i rettleiaren. Estimert vasstandsstiging ved hjelp av formelverket kan de og finne i dette [temakartet](#) ved å klikke på den farga streken.

NVE har publisert eit aktsemdkart for flaumfare på NVE Atlas som de kan nytte til å avgrense omsynssone H320 Flaumfare i plankartet. Til omsynssona kan de knyte føresegner, anten med forbod mot utbygging, eller med krav om nærare utgreiing av flaumfaren før eventuell utbygging kan finne stad.

Vi viser elles til NVE rettleiar [3/2022 Sikkerhet mot flom](#).

Kvikkleire

I [NVE rettleiar 1/2019](#) finn de på side 19 og utover ein prosedyre som skildrar korleis de kan identifisere og avgrense kvikkleireområde i arealplansaker. Di lenger ut i prosedyren de går di meir areal kan de friskmelde. Areal som ikkje er friskmeld i samsvar med prosedyren sin del 1 er å sjå på som aktsemdområde for områdeskred av kvikkleire.

Fleire kommunar avgrensar arbeidet med kvikkleire i kommuneplanens arealdel til å innarbeide generelle føresegner, jf. pbl § 11-9, med krav om å vurdere fare for kvikkleireskred under marin grense i alle plan- og byggesaker.

Lausmassekartet i området har dårleg oppløysing. Det kan difor ikkje nyttast åleine til å avkrefte førekomst av marine avsetningar.

Overvatn

Utbygging av naturområde med auka del harde flater kan gi auka avrenningsfart og auka flaumtoppar nedstraums. I verste fall kan dette auke sannsynet for flaum- og erosjonsskadar. Det er og viktig at de er merksam på at ny utbygging kan blokkere avrenninga ovanfrå, noko som igjen kan føre til skader på sjølve bygget, og/eller leie overvatnet i uønskt retning.

NVE rår dykk til å nytte tretrinnsstrategien som verktøy for å handtere nedbør og overvatn, hovudsakleg på overflata. Eit viktig prinsipp er å bidra til så «naturlik» overvasshandtering som råd. Opne løysingar er betre enn lukka løysingar. Klimaendringane sin påverknad på avrenninga må også avklarast og takast omsyn til.

Ved store utbyggingsområde, og utbygging i tettbygde strøk, bør de vurdere kva krav til infiltrasjon og drying av avrenning som bør gjelde i dei ulike områda. Dette bør de gjere ut frå kunnskap om flaum- og vassføringssituasjonen i bekker og elver. For å sikre trygg bortleiing av vatn ved dei store regnhendingane bør de også kartlegge flaumvegane i byggeområda fram til resipient. Å sikre samanhengande flaumvegar krev planlegging på



oversiktsnivå. De bør difor kartlegge flaumvegar på overflata ved store regnhendingar i dei tettbygde delane av kommunen som ein del av kommuneplanarbeidet. Dette bør de nemne i planprogrammet.

Sjå elles [NVE si rettleiing i rapport nr. 4/2022 – «Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar»](#). Denne gjeld for både kommuneplan- og reguleringsplannivå.

Ta omsyn til venta klimaendringar

[Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#) vart vedteke 28.09.2018. I planretningslinene heiter det mellom anna at planlegging skal bidra til at samfunnet vert budd på, og tilpassa klimaendringane. Vi oppmodar dykk om å sette dykk inn i planretningslinene og nytte arealdelen aktivt for å oppnå ei samla areal-disponering som tek omsyn til eit klima i endring. I følge planretningslinene må de gjere ei vurdering av om omsynet til eit endra klima inneber trong for oppheving, eller revisjon av gjeldande reguleringsplanar.

Kva endringar i klima er venta?

Norsk klimaservicesenter har utarbeidd [klimaprofil for tidlegare Hordaland](#). Vi rår dykk til å nytte kunnskapen som klimaprofilen gir om forventa klimaendringar i arbeidet med kommuneplanen.

Havnivåstiging er ein alvorleg konsekvens av klimaendringane. Vi syner her til DSB sin rettleiar [Havnivåstiging og stormflo](#).

NVE rår dykk til å sette byggegrensar mot vassdrag

Område i og langs vassdrag er verdfulle for miljø og friluftsliv. De bør ikkje legge til rette for utbygging tett inn til vassdrag, og vi rår dykk til å innføre byggeforbod i eit bestemt meterbelte langs vassdrag. Breidda kan differensierast ut frå vassdraget og omgjevnadane sin karakter. For å ta i vare vassdrags-, miljø-, og ålmenne interesser i vassdrag, er det oftast naudsynt å sette byggegrensar i større avstand til vassdraget enn kva som er naudsynt av tryggleiksomsyn. For å gi god oversikt og sikre god styring med vassdrag og vassdragsnære areal rår NVE til at de nyttar arealbrukskategorien *Bruk og vern av sjø og vassdrag*, jf. pbl § 11-7 nr.6, til å merke alle vatn, elvar og bekkar.

Verna vassdrag

Deler av nedslagsfeltet til det verna [Røydlandsvassdraget](#) ligg i Fitjar kommune. NVE rår til at de markerer nedslagsfeltet til vassdraget med omsynssone H560 Omsyn til naturmiljø. I føresegnene bør de nemne at omsynssona syner nedslagsfeltet til det verna vassdraget, og at Rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag skal vere førande for arealbruken i området.

Gjer greie for konsekvensar for allmenne interesser i vassdrag

NVE oppmodar dykk om å legge opp til ein arealbruk som ikkje medfører inngrep i



vassdrag. Dersom kommuneplanens arealdel likevel legg opp til tiltak som inneber inngrep i vassdrag må de i konsekvensutgreiinga (KU) gjere tydeleg greie for kva inngrep i vassdraget planen opnar for, og korleis tiltaket påverkar ålmenne interesser i vassdraget. Vi viser her til vassressurslova §§ 5, 8, og 20. Som døme på ålmenne interesser kan vi nemne fiskens frie gong, ålmann ferdsl, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb.

Korleis ta omsyn til vassdrags- og energianlegg i planen?

Sentral- og regionalnettanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som krev konsesjon etter energilova er unnateke frå pbl, jf. pbl § 1-3. Eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar må de syne med omsynssone Bandlagt i medhald av Energilova (H740), jf. pbl § 11-8 d, i plankartet.

Mindre kraftleidningsanlegg innanfor områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til pbl. Desse kan de sette av i plankartet som Teknisk infrastruktur etter pbl § 11-7 nr. 2. NVE ber dykk kontakte Statnett, regional netteigar og områdekonsesjonær, slik at de kan ta omsyn til planlagde nye kraftleidningar, og oppgradering av eksisterande.

De bør markere reguleringsmagasin i plankartet som omsynssone/område som er bandlagt etter vassdragslovverket med føremål Reguleringsmagasin (pbl § 11-8 d). Anlegg for produksjon av energi, t.d Midtfjellet vindkraftverk, bør de sette av som område for Bebyggelse og anlegg.

Data om vassdrags- og energianlegg er tilgjengeleg på NVE Atlas.

Bruk av omsynssone H910

Mange kommunar brukar omsynssone H910 i plankartet for å markere reguleringsplanar som framleis skal gjelde uendra. Bruk av omsynssone H910 betyr at generelle føresegner, og føresegner knytt til andre omsynssoner (t.d. fareområde) i kommuneplanen som overlappar denne H910 ikkje får rettsverknad.

I pbl § 11-8 f) siste setning står det følgjande: *«Ved bruk av denne hensynssonen skal kommunen vurdere om reguleringsplanene er i samsvar med nasjonale og regionale interesser.»* Dersom de legg opp til å bruke omsynssone H910 i dykkar arealdel må de difor vurdere den einskilde plan konkret, om den er i slikt samsvar. De bør ta inn i planprogrammet om de vurderer å bruke omsynssone H910 i planen, og kva utgreiingar som då vil krevjast.

Vi viser til NVE sin rettleiar [2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#). I den står det at førebygging av skade frå flaum, erosjon og skred er ei nasjonal og vesentleg regional interesse. Klimaendringar påverkar faren for skade på flaum, erosjon og skredfare. Tilpassing til eit klima i endring er difor viktig når det gjeld å førebygge skade frå naturfare.

I [Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#) står det mellom anna: *«Kommuneplanens arealdel må brukes aktivt for å oppnå en samlet arealdisponering som ivaretar hensynet til et klima i endring. I **planprogrammet** skal det*



gjøres en vurdering av om hensynet til et endret klima innebærer behov for oppheving eller revisjon av gjeldene reguleringsplaner.»

Innanfor NVE sine fagområde meiner vi at de ikkje kan vidareføre reguleringsplanar uendra med omsynssone H910 dersom:

- Planområdet ligg under marin grense, og fare for områdeskred av kvikkleire ikkje er tilfredsstillande vurdert og avklart i planarbeidet
- Planområdet ligg innanfor aktsemdområde for skred i bratt terreng, og skredfare ikkje er tilfredsstillande vurdert og avklart i planarbeidet
- Planområdet ligg innanfor aktsemdområde for flaumfare, og flaumfaren ikkje er tilfredsstillande vurdert og avklart i planarbeidet
- Om naturfare er tilfredsstillande vurdert og avklart må sjåast i lys av
 - ny kunnskap etter at reguleringsplanen blei vedteken,
 - dagens krav til dokumentasjon av tilstrekkeleg tryggleik, og
 - klimaendringane sin påverknad av faren.

Generelle råd og rettleiingsmateriell frå NVE

For å få ei full oversikt over korleis de kan ta omsyn til våre tema i kommune(del)planen rår vi til at de nyttar våre [internettsider for arealplanlegging](#). Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til sida [Kommuneplan - NVE](#) der det mellom anna ligg ein [kartbasert rettleiar for kommuneplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Vi viser også til [NVE Veileder 2/2017: Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging - grunnlag for innsigelse](#). Her er det gjort greie for kva som skal til for at NVE sine interesser skal vere tilstrekkeleg teke i vare i arealplanar etter plan- og bygningslova.

NVE si oppfølging av planarbeidet

I planframlegget må det ved offentleg ettersyn gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved planar som blir sendt på høyring til NVE. Vi ber om at alle plandokumenta blir sendt elektronisk.

NVE har erfaring med at det er nyttig med dialog mellom kommunen og oss i forkant av høyringa av kommune(del)planen. Vi oppmodar dykk difor om å ta kontakt. Det same må de gjere dersom de har spørsmål til vårt innspel eller til faglege råd i dette brevet.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Toralf Otnes
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.



Mottakarar:
FITJAR KOMMUNE

Kopimottakarar:
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE